

Fiskeriministeren har seismikktillit til Oljedirektoratet

Tromsø: – Det er Oljedirektoratet som håndterer seismikkskyting, og jeg har tillit til at de gjør det på en forsvarlig måte, sier fiskeriminister Helga Pedersen til Fiskaren.

– Er du kjent med at det har vært konflikter og protester fra fiskere som mener seg fortrengt av seismikkfartøy fra fiskefelt?

– Ja, jeg har forstått at det har vært epi-

soder og klager fra fiskere, men det er ikke mitt departement som forvalter disse sakene. Det ligger ingenting på mitt bord som har med fiskeri og seismikk å gjøre.

Dette skal Oljedirektoratet håndtere, og jeg regner med at den etaten vil håndtere eventuelle problemer på en forsvarlig måte, sa fiskeri- og kystminister Helga Pedersen.



– Svekket

Bergen: – Med den tyngde ein statsminister har i nasjonen, vert ei heil yrkesgruppe peika ut som nokre «syttete tullingar».

Når statsminister Jens Stoltenberg hevdar at det aldri har vore konflikter mellom fiske og seismikk i Nordsjøen, skuldar han samstundes alle oss som har protestert mot både lovbrøt og uhøvisk framferd, som «løgningar».

Dette kan me ikkje finne oss i lenger. No må både fiskeridirektør og fiskeriminister kome på banen og fortelje det norske folk om det me fiskarar gjennom ein mannsalder er blitt utsette for på dette havstykket. For det veit alle som har fiska i Nordsjøen; de er ikkje me som klagar, som kastar usant på nesten vår. Det er den norske regjeringssjefen som villeiar folket med si bastante utsegn.

Det er ein harm leiar Nils Myklebust i Sogn og Fjordane Fiskarlag som frå feltet i Nord-Norge har registrert den siste tids utvikling i debatten rundt dei seismiske granskingane nord i Norge.

– Me har sett det før, og me registrerer

det meir tydeleg i dag enn nokon gong. Oljedirektoratet (OD) sit på alle sider av bordet i saker som gjeld skyting med seismikk. No ser me jamvel at dette direktoratet, som direkte aktør på seismikkfeltet, sjølv neglisjerer det lovverk og reglar som Stortinget har vedteke for slikt arbeid. Då kan ikkje dette lenger vere ei sak for OD åleine. Då lyt både fiskeriminister og fiskeridirektør ut på banen med dei verkemiddel desse har til rådvelde, meiner Myklebust.

Han nektar å tru at fiskerisida i den norske forvaltninga er så bundne på hender og føter i denne saka som det kan sjå ut som, ut frå dei manglande reaksjonar som opp gjennom åra har kome frå direktør og minister.

Det er val i september, og fiskaren frå Måløy meiner Stoltenberg bør passe seg vel for å kome med slike skuldinger mot ei heil yrkesgruppe.

– Den vantande seriositeten kan langs kysten slå kraftig tilbake på både han og partiet.

» **OD sit på alle sider av bordet i saker som gjeld skyting med seismikk-**

Nils Myklebust



FOR FORT FRAM: – Det gjekk vel fort i svingane for Oljedirektoratet denne sommaren, slær Ole Arve Misund fast. Men forskningsdirektøren ved HI sett inn større ressursar i sitt strev etter å vurdere fagleg konsekvensane av seismisk aktivitet.

Bergen: – Det gjekk vel fort i svingane i juni og juli. Direktør Ole Arve Misund ved Havforskningsintituttet (HI) stadfestar at Oljedirektoratet (OD) hadde det meir travelt enn godt var for regelverket før dei i sommar starta seismiske granskingar utanfor Vesterålen.

Helge Arild Bolstad
helge.bolstad@fiskaren.no

Oljedirektoratet, som ansvarshavande, gav 2. juli klarsignal til at det då kunne startast seismikkskyting, trass i at det ikkje var gjeve fiskerifaglege vurderingar frå HI si side. OD hadde i forkant heller ikkje halde den varslingsfristen overfor Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet som ein operator etter regelverket skal gjere.

Ein «førebel» kontakt
Konfrontert med desse lov- og regelbrotet svarer OD i Fiskaren sist onsdag at dei dessverre hadde varsla i seinaste laget, men at dei elles hadde følgd alle dei råd som var gjevne frå fiskerisida.

– Det er rett som OD hevdar, at det var ein kontakt mellom OD og oss på vinteren og vårparten der OD i store trekk gjorde greie for planane sine. Men dette var

» **Korrespondansen mellom OD og oss er blitt tettare og meir omfattande. Me er til dømes alt no i store trekk blitt orienterte om dei planar som finst for seismisk aktivitet nordpå neste år.**

Ole Arve Misund,
Direktør
Havforskningsintituttet

se og til dei endelege planar som me skal dra våre konklusjonar på grunnlag av. Direktoratet i Stavanger visste såleis at me ikkje hadde hatt høve til å

gjere vår del av jobben då dei valde å starte opp skytinga, og dette klaga vi då på i eit nytt brev til dei etter oppstarten, seier Misund (bildet).

– Ei årsak til manglande faglege vurderingar frå vår side var, attåt den seine varslinga, at den som har vore fremste eksperten vår på dette feltet, dessverre har vore langtids sjuk. I dag har me sett inn fleire ressursar og medarbeidarar på dette, slik at me framover vil vere betre i stand til å gjere slike vurderingar fortløpande, fortel forskningsdirektøren.

Ole Arve Misund meiner det som skjedde denne sommaren, også har fått OD til å skjerpe seg.

– Korrespondansen mellom OD og oss er blitt tettare og



søkelys på:
SEISMIKK

«Erliner» forsøkt truga vekk frå feltet seint laurdags kveld

Laurdag kveld fekk autolinebåten «Erliner» frå Bremanger besøk av eit seismikkskip. Ordren var klar: - Dei hadde å flytte seg fortare enn svint. For dagen etter skulle der skytast!

Ein litt perpleks skippar Jan Ove Langeland fekk etter kvart summa seg, ringde til leiar Nils Myklebust i fylkesfiskarlaget og fekk det rådet å kontakte kystvakta.

Kontakt med den fiskerikyndige fekk Langeland ikkje. Det var kapteinen på seismikkskipet som førde ordet. Seismikkfartøyet vart liggjande på plassen like til mandag, då dei fekk nei frå direk-

toratet til prosjektet sitt. Då tøffa seismikkbåten nordover. Der låg andre fiskebåtar, og kva som vidare hende veit ikkje Myklebust. Det lukkast ikkje Fiskaren å få kontakt med «Erliner» i går.



«Erliner» meiner allereie å sjå ei betreholdning hjå direktoratet i Stavanger. Sjølv har

FOTO: PRIVAT

meir omfattande. Me er til dømes alt no i store trekk blitt orienterte om dei planar som finst for seismisk aktivitet nordpå neste år, fortel Misund.

Nordsjøen for tur

I desse dagar er det starta opp seismikkskyting i stor stil frå to fartøy i Nordsjøen. Det skjer som eit «forspel» til det kommande makrellfisket i området.

- Vårt råd i samband med dette var at skytinga måtte vere ferdig før ringnotfisket etter makrell tek til.

Når denne seismiske aktiviteten vert avslutta kring 20. september, betyr det at OD har etterkomme dette kravet frå oss.

- Eg håpar såleis at dette går bra og at det ikkje vil påverke årets makrellfiske, seier Misund. På spørsmål frå Fiskaren vedgår han likevel at ein slik omfattande seismisk aktivitet rett i forkant av fisket har ei viss



Fiskaren 15. august.

spenning ved seg, og kan gje forskarane interessante signal om kor vidt makrellen let seg påverke av slik skyting i ei eller anna lei.

Gullestad korrigerer Stoltenberg

Bergen: Statsminister Jens Stoltenberg hevda nyleg at det hadde vore eit konfliktfritt samkvem mellom fiskeria og seismikkverksemda i Nordsjøen, og at ein av den grunn ikkje burde vente konflikter utanfor Nord-Norge heller. Med si lange fartstid i Fiskeridirektoratet kan ikkje Peter Gullestad følgje eit slikt resonnement fullt ut.

- Med den mengda seismikk som er blitt nytta i Nordsjøen gjennom så mange år, vil det vere rettare å seie at det har vore etter måten få konflikter. Det har litt med augo som ser, dette. Men konflikter har det vore. Det kan me ikkje understå.

Og med leiting nordover i landet, vil mengda seismikkverksemd naturlegvis auke. Nettopp derfor vert det så viktig å kome fram til ei felles forståing mellom oss og OD.

Berre med ei mest muleg lempeleg framferd kan me unngå å skape ein ny strid på dei ømtålelege felta der.

Auka konfliktnivå

Fiskeridirektøren vil ta opp eit auka konfliktnivå når han skal diskutere m.a. seismikk med Oljedirektoratet (OD) på eit møte i slutten av august. Også den rolle fiskerikyndige skal ha om bord, vert gjenstand for drøfting.

- Med oljeverksemda på full fart nordover, har mengda av seismiske granskningar auka monaleg. Med meir seismikkskyting aukar og nivået av konflikter. Det har me sett i år, slær fiskeridirektør Gullestad (bildet) fast.

Vil ikkje poltimelde

Fiskeridirektøren legg til at ei eskalering av konflikter kan ventast om dei to direktorata



ikkje kjem fram til ordningar som kan dempe striden mellom fiskeri- og oljenæringa.

I Fiskaren sist onsdag bad fiskerijuristen Peter Øhrebech Gullestad om å samle troppane sine til ein hardare skyts mot OD og dei seismikkfartøy som bryt paragraf 14 i Saltvassfiske- lova.

- Akkurat det er uaktuelt, svarar Gullestad. - Me er eit rådgjevande orga. Det er Oljedirektoratet som har forvaltningsansvaret for det som skjer i amband med olje- og gassutvinninga. Og det er ikkje gjen-

nom politi- og påtalemakt to offentlege etatar forhandlar. Me samsnakkar gjennom møteverksemd, og eg har stor tru på at me kan kome fram til ei sams forståing av problema når problema kjem ope fram på forhandlingsbordet.

- Men Fiskeridirektoratet kan sjølv initiere ei melding til politiet når lovbrøt skjer.

- Ja, alle som føler seg råka kan gjere det. Men det vil, som sagt, vere unaturleg for oss som rådgjevande organ for OD. Fiskebåtar og reiarar som måtte kjenne seg ulovleg handsama på feltet, kan meir naturleg gå

til eit slikt steg, meiner Gullestad.

Skal drøfte reaksjonar

Til møtet med OD vil Fiskeridirektøren ha med seg merkningar dei ved hans direktorat har hatt til seismikkaktiviteten siste året. Gullestad vil også diskutere og evaluere dei reaksjonsmåtar OD har møtt desse klagenes med. Gullestad har merka seg at dei sakene som Fiskeridirektoratet har påklaga, ikkje har førd til strafferaksjonar.

- Drøfting av rutinar og reaksjonsmåtar vil vere ein naturleg del av programmet når me no møtest, seier han.

Eit anna naturleg tema vil vere dei fiskerikyndige si rolle om bord i seismikkfartøya, og kva kvalifikasjonar desse skal ha og i røynda har.

Set «kyndige» under lupa

- Fiskeridirektoratet har lenge

” Drøfting av rutinar og reaksjonsmåtar vil vere ein naturleg del av programmet når me og OD no møtest.

Fiskeridirektør Peter Gullestad

hevda at det er uheldig når fiskerikyndige i dag vert løna direkte av dei selskapa som skyt seismikk. Me har foreslege at fiskerikyndige vert tilsette gjennom oss, og at me så kan

sende regresskrav for lønsutgiftene våre til selskapa. Dette er nok ein idé me vil kaste fram att på møtet med OD. Så får me høyre kva dei svarar til dette i år. I OD kan dei ha andre tenlege løysingar. Det kan tenkjast fleire modellar for korleis dette kan gjerast, seier Gullestad.

- Har Fiskeridirektøren kunnskap om kvifor det vert skote så mykje meir seismikk på norsk side i Nordsjøen enn på britisk? - Nei. Ikkje i dag.



Nordkapp Beredskapssenter AS

Verdens Nordligste Beredskapssenter

Finnmarks eneste Sikkerhetssenter som er lokalisert i Honningsvåg.

Kursporteføljen vår er som følger:

IMO 60, Repetisjon IMO 60, Påbygning til IMO 60

IMO 80, Repetisjon IMO 80, Oppgradering til STOW-95

Oljevernkurs, Kystnær Oljevern beredskapssenter for fiskebåtar, Strandsonesaneringskurs,

Laglederkurs, Utrykningsbåtkurs for Avinor, Oljevern ved STS operasjoner.

I tillegg arrangerer og utvikler vi kurs etter ønske fra bedrifter

Grunnleggende sikkerhetskurs høsten 2007:

IMO 60 27.08.07 - 05.09.07

IMO 60 24.09.07 - 03.10.07

IMO 60 22.10.07 - 31.10.07

IMO 60 19.11.07 - 28.11.07

For påmelding kontakt Skogheim på :

Telefon: 784 72 922 - Mobil: 976 75 838 - Fax: 784 71 235 eller mail: karstein@rog.no se også vår hjemmeside på www.rog.no for en fullstendig kursplan.